



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 23. januar 2019 kl. 09.00 – 12.00
Stad: Lindås rådhus - formannskapssalen

Tilstade: Leif Erik Gullanger (leiar), Kåre Mestad (vara for Rolf Henning Hegland) (nestleiar), Kåre Helge Østrem (medlem) og Rebecca Duesund Fjeldsbø (medlem)

Forfall: Rolf Henning Hegland (nestleiar) og Ann Kristin Tonning (medlem)
Alle varamenn var kontakta, men ingen kunne møte.

Innkalla: Janne Sund, Økonomisjef til sak 05/19

Ordførar Astrid Aarhus Byrknes

Frå revisjonen: Lina Hamre, Deloitte til sak 04/19
Sekretær: Øivind Olsnes

Grunna forfall og at innkalla varamenn ikkje kunne møte,
var det 4 av 5 medlemmar til stades i møtet.

01/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

02/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte den 26.11.2018

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte den 26.11.2018 er godkjent

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte den 26.11.2018 er godkjent



03/19 Skriv og meldingar:

Saksvedlegg:

- a) Vedtak fellesnemnda Alver 03.12.2018- Sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet i Alver kommune
- b) Skatteetaten brev 18.12.2018 - Rapport frå kontorkontroll 2018 av skatteoppkrevjarfunksjonen for Modalen, Meland, Osterøy, Radøy og Lindås
- c) Fylkesmannen i Hordaland, avslutting av tilsyn ved Nordhordland legevakt, brev 12.12.2018
- d) Svar frå Kommunalsjef helse og omsorg vedkomande spørsmål etter orientering for Kontrollutvalet den 17.10.18 (sak 48/18 og 65/18)

Behandling i møte:

Utsende meldingar vart kort kommentert i møtet.

Leiar orienterte om svaret frå kommunalsjef helse og omsorg

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

04/19 Forvaltningsrevisjon: Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø Godkjenning av prosjektplan frå Deloitte / vedtak om gjennomføring

Saksvedlegg:

- Deloitte, januar 2019; Prosjektplan for Forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulane i Lindås kommune.
- *Vedlegg til prosjektplan (unnateke off § 13 - er ikkje publisert)*

Saksopplysningar:

I møte den 26. november 2018 vedtok kontrollutvalet (sak 60/18):

*«Kontrollutvalet tingar frå revisjonen til neste møte ei prosjektskisse av:
Forvaltnings revisjon av psykososialt skulemiljø og skulen sin internkontroll
angåande dette.»*

Deloitte har i samsvar med bestillinga utarbeida ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulane i Lindås kommune. Tittelen på prosjektet er litt justert, for å vere i samsvar med dei omgropa som er nytta i opplæringslova.

Føremål og problemstillingar

Føremål med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen i Lindås kommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevane ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.



Deloitte har utarbeida tre hovudproblemstillingar som vil verte undersøkt:

1. I kva grad arbeider skulane i kommunen systematisk og kontinuerleg for å sikre eit trygt og godt skolemiljø for elevane i grunnskulen, og gjennom dette førebygge mobbing og andre krenkingar?
2. I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?
3. I kva grad har kommunen som skuleeigar eit forsvarleg system som er eigna til å avdekke praksis ved skulane som er i strid med opplæringslova, og ved behov følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller krava i regelverket?

Avgrensingar

Prosjektet vil omhandle kommunale grunnskular, oppfølging av barn i grunnskulepliktig alder og vere avgrensa til det psykososiale skolemiljøet.

Revisjonskriterium

Revisjonskriteria for prosjektet er nærmare omtala i prosjektplanen, kap. 2.

Metode / gjennomføring

Prosjektet vert gjennomført med bruk av: dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking, stikkprøvekontroll og avsluttande verifisering/høyring.

Tid og ressursbruk

Prosjektet er planlagt gjennomført med ei ramme på 290 timer.

Prosjektet kan startast opp i byrjinga av februar og avsluttast innan utgangen av august. Kontrollutvalet kan då få framlagt rapporten i første møte i september.

Den stramme framdriftsplanen føreset at kommunen prioriterer ei oppfølging av førespurnader frå revisjonen.

Behandling i møte:

Deloitte ved Lina Hamre deltok i møtet.

Hamre presenterte prosjektplanen og svarte på spørsmål frå utvalet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjener framlegget til prosjektplan frå Deloitte slik den føreligg.

Kontrollutvalet vedtek oppstart av prosjektet med ein tidsplan og ressursbruk som skissert i prosjektplanen. Kontrollutvalet oppmodar rådmannen om at prosjektet vert følgd opp i organisasjonen som føresett i prosjektplanen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjener framlegget til prosjektplan frå Deloitte slik den føreligg.

Kontrollutvalet vedtek oppstart av prosjektet med ein tidsplan og ressursbruk som skissert i prosjektplanen. Kontrollutvalet oppmodar rådmannen om at prosjektet vert følgd opp i organisasjonen som føresett i prosjektplanen.



05/19 Innkjøp av revisjonstenester for Alver kommune – prosess /gjennomføring

Saksvedlegg:

- Fellesnemnda Alver - vedtak møte 03.12.2018, sak 062/18
- Kjøp av revisjonstenester – konkurransegrunnlag, framlegg datert 15.01.18

Saksopplysningar:

På bakgrunn av tilrådingar frå kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy, gjorde fellesnemnda for Alver slik vedtak i møte den 3. desember 2018 :

FA- 062/18 Vedtak:

Alver kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

På felles møte for kontrollutvala på Alver hotel den 2. november 2018 orienterte prosjektleiar/rådmann Ørjan Raknes om at Lindås kommune kunne yte naudsynleg hjelp til gjennomføring av ein tilbodskonkurranse dersom dette vart aktuelt.

Lindås kommune er derfor engasjert til å bistå kontrollutvala med dette arbeidet. Med grunnlag i fellesnemnda sitt vedtak og ovannemnde opplysningar har Lindås kommune utarbeida eit framlegg til konkurransegrunnlag for kjøp av revisjonstenester for Alver kommune.

I samråd med Lindås kommune har sekretariatet utarbeida slik framlegg til prosess for ei vidare oppfølging av fellesnemnda sitt vedtak.

Oppdragsgjevar

Alver kommune er oppdragsgjevar for konkurranse / kontrakt.

Oppdragsgjevar sin kontaktpersonar ved utlysing av konkurransen og hovudansvarleg for evaluering av innkomne tilbod er: Økonomisjef Janne Sund

Arbeidsgruppe

Kontrollutvala i Radøy, Meland og Lindås skal kvar, gje si tilråding til fellesnemnda for val av revisor.

For å få ein effektiv og koordinert gjennomføringsprosess vert det sett ned ei arbeidsgruppe med leiarane frå kvar av dei tre kontrollutvala som medlemer og med nestleiarane som personleg vara.

Arbeidsgruppa sitt mandat er å samordne arbeidet, avklare ulike spørsmål og delta i ein gjennomgang av innkomne tilbod etter at dei er evaluert.

Framdriftsplan

Følgjande plan vert føreslege lagt til grunn for gjennomføring av anbodskonkurranse og tildeling av oppdrag.

Tid	Aktivitet	Milepel	Vedtak
v. 2-3	Førebuing og utarbeiding av konkurransegrunnlag		
v. 4-7	Kontrollutvala godkjenner prosess for innkjøp av revisjonstenester		x
v. 7	Arbeidsgruppa avklarar evt. spørsmål til kontraktsgrunnlag før utlysing		
20.02.	Utlysing av tilbod	x	
20.03.	Tilbodsfrist	x	
v. 13-14	Evaluering av innkomne tilbod		
v. 14	Arbeidsgruppa har ein gjennomgang av evaluerte tilbod		
v. 15	Sak til kontrollutvala for tilråding		
april/mai	Kontrollutvala – tilrår revisor		x
03.06.19	Fellesnemnda Alver – tildeler kontrakt for revisjonsoppdrag		x
-	Vedståingsfrist for tilbydarar	x	
01.01.2020	Oppstart av kontrakt	x	

Behandling i møte:

Økonomisjef Janne Sund deltok i møtet og gjekk gjennom framlegget til konkurransegrunnlag med fokus på:

- Kap. 6 - punkt 6.5
- Kap. 7
- Kap. 8 – punkt 8.1 og 8.2

og oppsummerte slik:

- Etter tilbakemelding fra KU, gjennomfører vi anskaffinga med den kravspesifikasjonen som ligg føre.
- Tildelingskriteria vert 50/50 pris og kompetanse
- Anskaffinga vert gjort i samsvar med gjeldande lover og reglar, og gjennomførast i Lindås kommune sitt KGV system, Mercell. Og vert lyst ut i samsvar med godkjente maler i systemet.
- Utlysinga skal gjennomførast slik at det kan vedtakast tilråding av val av revisor i KU april/ mai og vedta tildeling av kontrakt i fellesnemda i Alver 03.06.2019
- Oppstart av kontrakt er 01.01.2020

Framlegg til vedtak vart endra etter drøftinga i utvalet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner framlegget til konkurransegrunnlag slik det føreligg / med dei endringar som vart føreteke i møtet.



Kontrollutvalet gjev arbeidsgruppa fullmakt til å godkjenne og koordinere mindre justeringar i konkurransegrunnlaget før utlysing.

Kontrollutvalet oppnemner slik samansett arbeidsgruppe:

Kåre Skibenes, Meland kontrollutval – vara Lars Barstad
Astrid Nordanger, Radøy kontrollutval – vara David Pletten
Leif Erik Gullanger, Lindås kontrollutval – vara Rolf Henning Hegland

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innhaldet i framlegget til konkurransegrunnlag.
Anskaffinga vert gjort i samsvar med gjeldande lover og reglar, og gjennomførast i Lindås kommune sitt KGV system, Mercell, i samsvar med dei maler og oppbygging som ligg i konkurransegjennomføringsverktøyet.

Kontrollutvalet gjev arbeidsgruppa fullmakt til å godkjenne og koordinere mindre justeringar i konkurransegrunnlaget før utlysing.

Kontrollutvalet oppnemner slik samansett arbeidsgruppe:

Kåre Skibenes, Meland kontrollutval – vara Lars Barstad
Astrid Nordanger, Radøy kontrollutval – vara David Pletten
Leif Erik Gullanger, Lindås kontrollutval – vara Rolf Henning Hegland

06/19 Årsmelding kontrollutvalet - 2018

Saksvedlegg:

Framlegg til årsmelding for kontrollutvalet

Saksopplysningar:

Sekretariatet har laga framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2018.
Årsmeldinga skal gå som eigen rapport til kommunestyret for slik å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2018 slik den ligg føre / med dei endringar som vart gjort i møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2018 med endring som vart gjort i møte.

**07/19 Budsjettramme for kontroll og tilsyn 2019**

Kontrollutvalet tilrådde i sak 62/18 framlegg til budsjettplan for kontrollutvalet med ei ramme på kr 802.000 for 2018. Vedtaket vart sendt til kommunestyret.

Kommunestyret vedtok i sak 093/18 Økonomiplan 2019 -2022 med budsjettramme som tilrådd frå kontrollutvalet :

«Det vert gjeve ei ramme på 802 000 kr til kontrollutvalet»

Med bakgrunn i tidlegare års rekneskap og vurdering av ressursbehov for 2019 har kontrollutvalet sett opp følgjande fordeling av midlane.

	Budsjett 2016 Vedteke av kommunestyret 17.12.2015	Budsjett 2017 Vedteke av kommunestyret 15.12.2016	Budsjett 2018 Ramme vedteke av kommunestyret KO-113/17	Budsjett 2019 Ramme vedteke av kommunestyret KO-093/18
Rekneskapsrevisjon	220 000	220 000	230 000	250 000
Forvaltningsrevisjon	500 000	500 000	465 000	300 000
Sekretariat kontrollutvalet	130 000	130 000	135 000	132 000
Drift av kontrollutvalet	100 000	100 000	120 000	120 000
Totalt kontrollutvalet	950 000	950 000	950 000	802 000

Behandling i møte:**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek kommunestyret sitt vedtak om budsjettramme på kr 802 000 for 2019 til etterretning, og vil leggje opp sitt arbeid og prosjektoppgåver i høve til dette.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek kommunestyret sitt vedtak om budsjettramme på kr 802 000 for 2019 til etterretning, og vil leggje opp sitt arbeid og prosjektoppgåver i høve til dette

09/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**Behandling i møte:**

Ingen saker vart teke opp i møte

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader.



10/19 Eventuelt

Behandling i møte:

Følgjande saker vart orientert om og drøfta i møtet:

Orientering frå ordførar

Ordførar Astrid Aarhus Byrknes orienterte om ulike saker, prosjekt og aktivitetar som er under arbeid i Lindås kommune og svarte på spørsmål frå utvalet.

Det er stor aktivitet med gjennomføring av mange ulike prosjekt for etableringa av Alver kommune.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar ordføraren for ei god orientering til utvalet.

Neste møte: er 13. mars 2019

Førebelts saker til neste møte er:

- Orientering frå rådmannen om utfordringar vedkomande framtidig økonomi (drift og investeringar) for Lindås/Alver kommune
- Oppfølging vedtak kommunestyre sak 037/18 - forvaltningsrevisjon KIM
- Orientering vedkomande status symjeopplæring
- Oppsummering etter kontrollutvalskonferansen

Knarvik, 23.01.2019

Leif Erik Gullanger

Leif Erik Gullanger, leiar (sign)

Oivind Olsnes
Oivind Olsnes, sekretær